



KYSTVERKET

Vestnes kommune
Brugata 10
6390 VESTNES

Dykkar ref
BYGG-20/00314-43

Vår ref
2021/6569-7

Arkiv nr

Sakshandsamar
Tormod Hjørungnes Engen


Dato
07.03.2023

Fråsegn til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Sjøgata 17 - Vestnes kommune - Møre og Romsdal fylke

Viser til dykkar høyringsbrev datert 15.02.2023 som gjeld ovannemnde og til våre fråsegn 08.06.2021 og 26.01.2022 i høve oppstart av planarbeidet og ved 1. gongs offentlig ettersyn. Føremålet med planforslaget er å legge til rette for ei bustadblokk i 4 etasjar inkludert parkeringskjellar.

Kystverket er ein nasjonal etat knytt til Nærings- og Fiskeridepartementet med fagleg ansvar for kystforvaltning, ferdsla på sjøen og beredskap mot akutt forureining. Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremålet med «lov om havner og farvann.» Føremålet med lova er å fremje sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg bruk av hamn og farvatn, samstundes med omsyna til eit konkurransedyktig næringsliv og nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser.

Vår vurdering




Planen med føresegner slik den er lagt fram synest føremålstenleg og vil ikkje få særskild innverknad på statlege farvatn, Kystverket sine anlegg og installasjonar eller andre omsyn Kystverket skal ivareta etter hamne- og farvasslova. Ut frå Kystverket sitt sektoransvar har vi såleis ikkje vesentleg å merke til planframlegget.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Kystverket gjer merksam på at utfylling i sjø slik planen legg opp til er tiltak som kan påverke ferdsle og tryggleik i farvatnet og då vere avhengig av løyve etter hamne- og farvasslova § 14. Då tiltaket i dette tilfellet er plassert i kommunalt farvatn vert det kommunen si oppgåve å vurdere tiltaka opp mot omsyna i lova og elles til anna bruk av sjøarealet. Søknadsplikt etter hamne- og farvasslova er sjølvstendig og vil gjelde parallelt med eventuell søknadsplikt etter plan- og bygningslova.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Statsforvalteren i Møre og Romsdal
Fiskeridirektoratet

Postboks 2500
Postboks 2520
Postboks 185 Sentrum

6404 MOLDE
6404 MOLDE
5804 BERGEN